

– Norske dialektane er språkgull, meiner skodespelar Pål Sverre Hagen.

Side 12

**NRK må spare
300 millionar**

SIDE 12

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN

NUMMER 1/2023

KRINKASTING KOM

A close-up portrait of Harald Stanghelle, a middle-aged man with grey hair and a beard, wearing glasses and a dark polo shirt. He is looking directly at the camera with a serious expression, and his right hand is raised to his forehead, with his fingers resting on the top of his glasses.

Tale og skrift

– Eg har ikkje vore nokon pioner for nynorsken og kunne ha gjort meir, seier Harald Stanghelle.

SIDE 6

KRINGOM

**MEDLEMSBLAD
FOR KRINGKASTINGS-
RINGEN**

BLADSTYRAR
Kjartan Helleve

TRYKK
Merkur Grafisk AS

OPPLAG
900

INNHALD

Foto: Terje Bendiksen / NTB / Kage

6



Foto: Jarle Vines



10 12

KONTAKT

post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Lilletorget 1
0184 Oslo

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP

Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemmer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida eller ved å betala inn på kontonummer 3480 17 48343. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 300 kroner. Medlemmer under 30 år betaler 150 kroner.

BLI MED!

INNHALD

- 3 Leiar
- 4 Nytt
- 6 Intervju: Harald Stanghelle
- 10 Vil ha norsk innhald i strøymetenestene
- 12 Intervju: Pål Sverre Hagen
- 14 NRK må spare 300 millionar
- 16 Lagsnytt
- 17 Reprise
- 19 Kryssord


KRING-
KASTINGS-
RINGEN

MONE CELIN SKREDE

mone.celin@gmail.com



Ein kringkastar for alle?

TRASS I AT MEDIETILSYNET tilrår nynorsk-krav for TV 2, og at språklova no gjeld, får ikkje kringkastaren nynorsk-krav. Det såg lyst ut for nynorskskrivande journalistar og lesarar i september. Medietilsynet tilrådde TV 2 eit eige nynorsk-krav, slik NRK har i dag. Ei masteroppgåve avdekte at avislesarar ikkje naudsynlegvis er så negativt stilt til saker på nynorsk som ein skulle tru. Og det skulle kanskje tilseie at klimaet for nynorskjournalistar ikkje treng å vere så hardt som mange trur.

TV 2 OPNA FOR NYNORSK på nett i 2021, og er ein av fleire medieinstitusjonar som har losna litt på språksnippen. Sist ute var Bergensavisen, ifølge avisa Nordhordland tidleg i november. Påtropsande politisk redaktør Sølve Rydland får ta med seg nynorsken sin inn i den nye stillinga.

MEN I FRAMLEGGET til statsbudsjettet vil ikkje Kultur- og likestillingsdepartementet stille krav om ein nynorsk-minsteprosent kringkastaren bør oppfylle. Det er urimeleg dyrt, meiner departementet. Språkrådet-direktør Åse Wetås meiner regjeringa bryt med sin eigen politikk, og sidan språklova tok til å gjelde i januar, er det avdekt at nesten ingen statlege organ oppfyller krava til å spegle språkmangfaldet i sine kanalar. Sjølv ikkje universitet og høyskular held seg til lova. Det understrekar meir enn noko anna at lova trengst.

ER EIN IKKJE eksponert for mangfald, blir resultatet at alt anna enn majoritetsuttrykket blir sett på som unormalt. Korleis skal vi sørgje for reelt språkmangfald dersom folket ikkje vert eksponert for det? Kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen seier til NRK at ho vil minne departementet om krava i lova i tildelingsbrevet 2023. Men skal ein lukkast med å auke delen nynorsk både i statlege organ og i medielandskapet må ein ikkje berre pålegge TV 2 som allmennkringkastar å halde seg til nynorskkravet, sjølv om det er ein god start. Ein må òg sjå på kva ein faktisk måler. Kva er det eigentleg som gjer at NRK har klart nynorskprosenten to gonger dei siste åra? Er det reprisane av Med hjartet på rette staden på føremiddagane, dialektbruk på TV, eller er det redaksjonelt innhald på nyheitsfronten? Finn ein ut det, er ein nærare svaret på korleis det eigentleg står til med nynorsken som mediespråk i Noreg, og kva ein kan gjere for faktisk å auke språkmangfaldet.

Medietilsynet har fordelt 39 millionar kroner i støtte til samiske aviser

Dei fire avisene Ávvir, Sárgat, Snåsníngen og NordSalten Avis får til saman om lag 39 millionar kroner i støtte i 2022. – Støtta bidrar til å gjere dei samiske skriftspråka meir synlege. Desse avisene spelar ei viktig rolle for den samiske språkutviklinga, seier **Hanne Nistad Sekkelsten**, direktør i juridisk og regulatorisk avdeling i Medietilsynet. (Medietilsynet)

Distributørane skal setje aldersgrensene på kino

No er det distributørane som set aldersgrenser på filmene før dei blir viste på kino, på same måte som til dømes TV 2 og NRK gjer for tv-program. Tidlegare vart dette gjort av Medietilsynet. For å sikre at aldersgrensene framleis blir sette i tråd med regelverket, har Medietilsynet utarbeidd retningslinjer og skal gjennomføre jamlege kontrollar. Medietilsynet har dessutan gjennomført opplæring av kinofilm distributorane, slik at dei er godt førebudde på den nye oppgåva.

– Medietilsynet kan overprøve aldersgrensene fastsett av ein distributør, dersom vi meiner det er gjort feil. Vi kontrollerer tett frå oppstarten og held god dialog med bransjen. Vi tek også gjerne imot tips frå publikum, seier **Hanne Nistad Sekkelsten**, direktør for juridisk og regulatorisk avdeling i Medietilsynet. (NPK)

Knallår for Medie-Noreg

Norske medieselskap drog inn 2,2 milliardar kroner i auka inntekter i 2021. Avisene hadde eitt av sine beste år på det siste tiåret. Samla auka inntektene med 8,6 prosent frå året i førevegen. Den totale omsetninga til media var på 28 milliardar kroner i fjor. Til saman kom driftsresultatet på 1,8 milliardar kroner. Både TV og radio hadde høgare reklameinntekter i fjor enn året før – ein auke på høvesvis 6 og 20 prosent. Samtidig blir brukarinntektene stadig viktigare for økonomien til dei kommersielle TV-selskapa. No står dette for rundt 60 prosent av driftsinntektene. Totalt vart det brukt nesten 15,6 milliardar kroner på annonsering på internett i fjor. Av dette gjekk om lag 2,4 milliardar kroner til avisene. Mediebedriftenes Landsforening (MBL) reknar med at Facebook og Google henta 9,1 milliardar kroner frå den norske reklamemarknaden i 2021. Det er 2 milliardar kroner meir enn MBLs anslag for 2020. (NPK)

TV- sjåinga fall med ein femdel på eitt år

Tida nordmenn brukte på å sjå på lineær-TV og strøyme-TV, falle med 18,5 prosent i 2022.

Strømme-TV fall med 1,1 prosent, lineær-TV som fall med 17,1 prosent. Folk mellom 20 og 49 år har redusert TV-sjåinga med ein firedel på eitt år. – Dette er ein trend vi har sett lenge og ein korreksjon etter pandemien, seier kanaldirektør **Trygve Rønningen** i TV 2 til Kampanje.TV 2 enda 2022 med ein samla del av TV-tittinga på 25,6 prosent, ned 1,4 prosentpoeng. NRK hadde ein samla nedgang i sjåarandelane på 1,0 prosentpoeng i 2022 til 41,7 prosent.

TVNorge, Discovery og TV3 hadde oppgang i sjåardel. (NPK)

Foto: Eilend Bjørtrvedt

NRK vart felt flest gonger i PFU i 2022

NRK vart felt i Pressens faglige utvalg (PFU) for brot på god presseskikk fire gonger i 2022. Det er éi felling mindre enn året før. Trass nedgangen er NRK åleine på topp, skriv Journalisten.

– Dei er litt ulike, dei fire sakene. Den vi har brukt mest på, er saka frå Grue kommune no i november, der ein kommunal leiar ikkje fekk tilgang til samtidig imøtegåing. Det er eit typisk døme på det vi prøver å unngå, der vi ikkje har vore grundige nok i det grunnleggjande journalistiske handverket, seier NRKs etikkredaktør **Per Arne Kalbakk**.

Klassekampen, TV 2, Brønnøysunds Avis, Trønder-avisa, Bodø Nu, Varden og Dagbladet har alle fått to fellingar. Til saman har PFU gått til fellingar mot innklaga norske medium 49 gonger i år. Av desse er 39 brot på god presseskikk og 10 berre kritikk. (NPK)

Regjeringa vil ha meir norsk musikk på radio

Regjeringa til utvide kravet om 40 prosent norsk musikk til også andre NRK-kanalar enn P1, P2 og P3. I forslaget til statsbudsjett vil regjeringa utvide kravet om 40 prosent norske musikk til også å omfatte NRK P1+, NRK P13, MRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk. Målet skal vere å auke inntektene for komponistar og songtekstforfattarar, som får vederlag basert på kor mange minutt dei er på lufta, melder musikkmagasinet Ballade. (NPK)

Eit språkleg paradoks

– Eg fekk mykje skryt heime for at eg hadde halde på dialekten. Det var ein skryt som ikkje var fortent, seier **Harald Stanghelle**.

Han har vore eit språkleg paradoks. Ein skulle tru at ein som har eit så tydeleg og godt nynorsk talemål, også skulle skriv nokolunde tydeleg nynorsk. Men nei. Stanghelle har skriva det aller meste i ei lang journalistisk karriere på bokmål. Då han starta i Aftenposten, var det blitt valfritt om ein skulle skriva «nu» eller «nå», «etter» eller «etter». Han tok det heilt ut og gjekk for riksmålsvariantane. Då han seinare vart sjefredaktør i Dagbladet, fekk han problem med å venja seg til det radikale bokmålet der i huset.

Rota til denne blandinga går heilt attende til ungdomsskulen. Stanghelle var engasjert i mykje og skreiv innlegg til avisene på både bokmål og nynorsk. Han hadde arbeidsveke i Dagen i 8. klasse og fekk sommarjobb der nokre månader seinare. Der vart han oppmoda om å skriva på nynorsk, men avisa heldt seg til i-målet.

– Det vart altfor arkaisk for meg og var ein av fleire grunnar til at nynorsk ikkje vart det naturlege skriftspråket for meg, seier Stanghelle.

Han vart frilansar rett etter ungdomsskulen, der han hadde vore ein aktiv elevrådsformann. Det resulterte i eit avansert hatforhold mellom han og rektor, noko som gjorde at karakterane ikkje var gode nok til å koma inn på gymnaset.

– Eg straffa rektor ved ikkje å gjera matteleksene han gav oss. Han straffa meg ved å stryka meg i matematikk.

Han reiste til Oslo, byrja i Norges Gymnasiastsamband som organisasjonsekretær og skreiv for dei aviser og blad som ville ha tekstane hans. 19 år gamal reiste han heim att og starta Vaksdals-Nytt, ei rein nynorsk-avis han dreiv i to og halvt år. Etter nokre år utanfor journalistikken fekk Stanghelle fyrst eit årsvikariat i Dag og Tid, før han enda opp i Arbeiderbladet i 1982.



– Arbeiderbladet er den einaste staden eg har blitt møtt med eit krav om å skriva bokmål. Eg kom frå Dag og Tid, og det var truleg til at det fyrste ein av redaktørane sa til meg var: «Om du trur du er komen hit for å skriva nynorsk, så tek du heilt feil. Det gjer vi ikkje her.» Han var frå Odda. Dette opplevde eg veldig sterkt – ikkje av di eg absolutt ville skriva nynorsk, men av di dette var tonen eg vart møtt med, fortel Stanghelle.

FORSVARTE RESTRIKTIV SPRÅKPOLITIKK

Seinare gjekk vegen til Aftenposten, der han etter eit par år vart nyhenderedaktør, så til Dagbladet som sjefredaktør, og så attende til Aftenposten som politisk redaktør og seinare redaktør i fri stilling. Han gjekk av i 2018. I alle desse åra var bokmål arbeidsspråket. Berre unntaksvis skreiv han tekstar på nynorsk, t.d. ein kommentar om brannen i Lærdal og meldinga av Førde-biografien. Då han skreiv ein kommentar på nynorsk om det kristen-evangeliske miljøet i USA, fekk han ei tekstmelding frå Andreas Hompland: «Å ja, den der fekk du ikkje til å skriva på noko anna enn heimemålet.»

– Så eg har ikkje vore nokon pioner for nynorsken og kunne ha gjort meir, seier Stanghelle.

– Eg forsvarte ein restriktiv språkpolitikk med at det burde vera ein språkleg heilskap frå journalistane i ei og same avis, men eg ser at det er eit resonnement som kan utfordrast. Bergens Tidende, som eg vaks opp med, og Dagen har alltid vore tospråklege, det same har Vårt Land og Klassekampen vore. Eg er ikkje dummare enn at eg ser det, og eg registrerer at Aftenposten har opna opp litt, men eg tykkjer framleis at ein skal ha eit heilskapleg språk. Eg har argumentert t.d. for at Aftenposten skulle halda på eit konsekvent bokmål og ikkje akseptera konservativt riksmål. Det stiller seg sjølvstundt annleis når det gjeld spaltistar eller dei som slepp til på debatt- og kronikkplass. Frå min ståstad er det ein konsekvens i dette, men eg skulle nok sett at eg hadde ei romslegare historie når det gjeld nynorsk, seier Stanghelle.



UFORTENT SKRYT

Talemålet derimot, er ei heilt anna historie. Der har det aldri vore snakk om å leggja om.

– Det eine er at eg er ein munnleg person, og ville kjend meg som eit anna menneske om eg la om talemålet mitt.

Men dette skal også seiast: Etter at eg kom på radio og TV, fekk eg mykje skryt heime for at eg hadde halde på dialekten. Det var ein skryt som ikkje var fortent. I det radikale miljøet eg kom til i Oslo, var det populært å snakka dialekt. Om eg hadde lagt om, hadde eg blitt mobba for det. Ei jente frå Stanghelle som reiste til Oslo samstundes med meg, la om etter berre tre månader på golvet i Posten. Truleg var det mykje lettare for å bli erta der enn i det småradikale journalistmiljøet eg var i. Eg er like narraktig som alle andre, eg likar skryt, men at eg får skryt for å halda på dialekta, det kjennest ufortent. Det seier heller mest om kor mykje miljø kan ha å seia, og eg hamna altså i eit språktolerant miljø.

Stanghelle trekkjer og fram at talemålet i Vaksdal ligg ganske nært ein normalnynorsk.

– Eller det som ein gong var normalnynorsken. No er det vel lov til å skriva akkurat kva du vil, men eg opplevde kor viktig det er med



Stanghelle fekk i 2019 hedersprisen frå Oslo Redaktørforening.
Foto: Trygve Indrelid, NTB scanpix

ei norm. Det var den eg lente meg mot. Ein del dialektuttrykk vart slipte av ganske fort, men eg lente meg mot norma i staden for mot bokmålet når eg kom i tvil.

SAKNAR DET NORMERTE TALEMÅLET

Det er ikkje mange stader ein kan høyre normert talemål.

– Det er eit tankekors. I Aftenposten skreiv vi til og med ein leiarartikkel då den frami-frå journalisten Ingerid Stenvold fekk snakka dialekt i sjølvaste Dagsrevyen, der vi meinte det burde vera eit normert språk i Dagsrevyen. Ein må vera varsam med å opna opp slik. Eg er open for at eg kan ta feil, men kva om det kjem ein drivande dyktig NRK-journalist frå Indre Sogn eller frå nokre delar av Setesdal? Det er flotte dialektar dei held seg med, men ikkje alltid like forståelege for korkje ei majoritets- eller minoritetsbefolkning. Så opnar ein opp berre for «lette» dialektar eller alle?

Ofte er einskilde journalistar som ynskjer å skriva på nynorsk eller snakka dialekt. Har journalistane fått meir makt?

– På 80-talet forvitra redaktørmakta, og journalistmakta steig fram. Det vart slutt på den tida der redaktørar kunne slå fast at den eller den

saka skriv vi ikkje om, eller at ei sak ikkje kjem på trykk. I alle høve måtte ein venta seg motbør og krav om solid grunngjeving. Dette har nok smitta over på det språklege. Det er ingen som lear på augelokka om det blir snakka dialekt på VGTV eller Aftenposten-TV eller i NRK. Det interessante er at kommersielle TV 2 var mellom pionerane her. Dette er ei utvikling det er all grunn til å helsa velkommen.

JOURNALISTIKKEN HAR BLITT BETRE

– Det er ein kjær hobby å klaga over dagens tilstand, men det er ein fritidssyssele eg ikkje driv med. Unge journalistar og kommentatorar er kunnskapsrike og skriv godt, og dei er svært flinke til å ta bruk nye verktøy for å oppdaga nye sider ved samfunnet. Eg er ikkje i tvil om at mykje av journalistikken i dag er drivande god. Dessutan tek norske aviser vare på dei språklege talenta, ikkje minst i magasina. Det er mykje eg skulle gjort annleis i Dagbladet, men eg er stolt av etableringa av Magasinet i 1999. Det førde til ein renessanse for avismagasina, ein fekk VG Helg, D2 og ei relansering av A-magasinet.

Dessutan er det så å seia ingen som klagar over for at det er for mykje nynorsk og dialekt i media. På 70- og 80-talet var det ein gjengangar. Det var latterleggjering. Slikt eksisterer nesten ikkje, eg ser det i alle fall nesten aldri. I mi tid i Aftenposten slapp vi til nynorsk i kronikkar og på debattplass. Det kom praktisk talt aldri ei klage.

Ikkje minst har digitale skriveverktøy gjort både språket, rettskrivinga og artiklane betre: No kan ein «klippa og lima» inn så mykje ein berre orkar, og det utan at det blir opplevd som tidkrevjande meirarbeid i ein tidspressa jobb- vardag.

Så journalistikken er på mange vis betre no. Det er så mange dyktige journalistar, folk som skriv som gudar og gode kommentatorar. Nei, eg er definitivt ikkje blant dei som tykkjer alt var betre tidlegare.

KJARTAN HELLEVE

STRØYMETENESTENE OG EU-DIREKTIV:

Medietilsynet støttar regjeringas forslag om at strøymetenestene må investere i norsk innhald

Dersom regelen om at strøymetenestene må investere i norske filmar og seriar, anten direkte eller gjennom bidrag til Filmfondet, blir vedtatt, får Medietilsynet oppgåvene med å handheve plikta til medfinansiering og å føre tilsyn.

– Dei nye reglane er fornuftige. Ordninga vil bidra til å styrke norsk produksjon i konkurranse med globale aktørar, seier **Hanne Nistad Sekkelsten**, direktør for juridisk og regulatorisk avdeling i Medietilsynet.

Medfinansieringsplikta for strøymetenestene er ein av fleire nye reglar Kultur- og likestillingsdepartementet har foreslått i ei høyring om endringar i blant anna kringkastingslova. Forslaga kjem som følge av endringar i EU-direktivet for audiovisuelle medietenester (AMT-direktivet).

Andre sentrale endringar er auka krav til universell utforming av bildeprogram, regulering av videodelingsplattformer, nye plikter til å fremme europeisk programinnhald for strøymetenester (audiovisuelle bestillingstenester) og ei oppmjuking av reglane om reklame og produktplassering. Medietilsynet får i oppgåve å føre tilsyn etter dei nye reglane.

Medietilsynet meiner ei kombinert investerings- og bidragsplikt er det alternativet for medfinansiering som best kan gi eit breitt og variert filmtilbod, i tillegg til å styrke den norske filmbransjen. Plikta skal også gjelde for strøymetenester etablerte i

andre EØS-land, men som rettar seg mot eit norsk publikum, som Netflix.

– Vi støttar forslaget frå departementet om at strøymetenestene må investere i norske filmar og seriar, anten direkte eller gjennom bidrag til Filmfondet. Globale aktørar har på kort tid blitt marknadsleiande, og føresetnaden for stabil og føreseieleg finansiering av norskspråklege produksjonar er under press, seier Sekkelsten.

Dei største tv-kanalane og strøymetenestene må gjere meir for å legge innhaldet sitt til rette for personar med funksjonsnedsettingar. Alle tilbydarar skal i tillegg lage planar for korleis dei gradvis kan gjere innhaldet meir universelt utforma, og rapportere dette til Medietilsynet. Medietilsynet får ansvar for å opprette eit digitalt kontaktpunkt der brukarar kan vende seg for å få informasjon.

– Medietilsynet meiner det er viktig at meir av dagens medieinnhald blir tilgjengeleg for enda fleire i befolkninga, inkludert dei som har ulike former for funksjonsnedsettingar, seier Sekkelsten.

Regjeringa planlegg å fremme ei sak til Stortinget i løpet av 2023.

PRESSEMELDING

Hanne Sekkelsten, direktør for juridisk og regulatorisk avdeling i Medietilsynet.
Foto Medietilsynet/ Mathias Fossum



Dialektar = gull

– Det er dei norske dialektane som er språkgullet vårt, meiner skodespelar **Pål Sverre Hagen**.

Han har portrettert alt frå nasjonalheltar som Roald Amundsen og Thor Heyerdahl til ekstravagant finansmann i TV-serien Exit. Denne vinteren har han vore å sjå i filmen Krigsseileren.

– Filmen tek for seg ei, etter mi meining, underkommunisert historie om alle sjøfolka som leid for vår framtid under 2. verdskrig. Noreg hadde ein av dei største handelsflåtene i verda då krigen braut ut og då regjeringa flykta til England var denne flåten det viktigaste dei hadde å tilby i potten til dei Allierte, seier Hagen.

Alle dei norske sjøfolka fekk beskjed om at Noreg no var i krig og at dei korkje kunne gå i land eller reise heim. Mange segla i fem til seks år utan å vere heime. Nesten 4.000 sjøfolk gjekk ned med skipa sine.

– I seinare tid har det òg vore mykje snakk om regjeringa si handtering av dette etter krigen. Dei fekk ikkje kompensasjon, noko som gjer det til ei endå meir oppsiktsvekkjande historie. Dette har vi verkeleg godt av å snakke meir om. Eg håpar filmen kan vere med å løfte temaet opp på dagsordenen, seier Hagen.

SPRÅKREVOLUSJON

Hagen starta skodespelarkarrieren si på Hålogaland Teater i Tromsø og Det Norske

Teatret i Oslo. Han opplevde den første tida si som skodespelar som ei brytningstid for scenespråket.

– I den første jobben min i Tromsø nytta eg rogalandsdialekt på eit teater som tradisjonelt sett hadde vore opptekne av å bruke og verne om det nordnorske språket. Då eg kom til nynorskteateret Det Norske Teatret opplevde eg at dei meir og meir opna for og omfamna dialektar på ein ny måte. Tida mi ved det teateret forma meg på så mange plan. Det var ei utruleg vital tid både språkleg og kunstnarleg, minnest Hagen.

Han meiner at noko av grunnen til at han sjølv fekk prate dialekt på scena kjem av ein frigjeringsprosess som blei sett i gang like før han sjølv blei skodespelar.

– For meg var det som at det skjedde ein språkrevolusjon i norsk film med den generasjonen skodespelarar som er litt eldre enn meg. Skodespelarar som Aksel Hennie, Nicolai Cleve Broch, Ane Dahl Torp, Anders Baasmo og Pia Tjeltoe klarte å frigjere noko i språket, som ein ikkje hadde sett på den måten tidlegare.

VERDIEN I SPRÅKET

På skjermen har vi sett Pål Sverre Valheim Hagen i ei rekke ulike roller. Den som har følgt skodespelaren har òg lagt merke til at



Pål Sverre Hagen som Sigbjørn i filmen Krigseileren. (Foto: Mer Film AS)

han tilpassar talemålet sitt ut frå rolla han spelar. Meistrar han alle dialektar?

– Eg har vel tidlegare sagt at eg kan prøve meg på alle dialektar, unntatt trøndersk. Men i filmen Alle hater Johan spelar eg på nettopp trøndersk. Eg tenker som så at det viktigaste med ei dialekt ikkje er å seie alt heilt rett. Det viktigaste er å finne energien og følelsen i språket. Det er då språkets verdi opnar seg ordentleg, seier Hagen.

Som ihuga språkentusiast ser Hagen tilbake i tid for å finne årsakene til at språket engasjerer han. Han trekkjer fram dansketid og konstruerte skriftspråk som utfordringar når ein skal bruke det norske språket i kunstnarlege uttrykk.

– Eg trur vi, sidan vi er så vande med det, undervurderer kor spesiell språkhistorie vi eigentleg har. Det at vi fekk eit språk frå eit anna land baserte på eit skeivt maktforhold og så bygde vårt viktigaste kommunikasjons-

verktøy på det er veldig spesielt. Bokmålet er framleis ganske krevjande å snakke i si reinaste form og det kan ofte vere utfordrande for skodespelarar å bruke fordi ein ikkje får så mykje gratis frå språket i seg sjølv, seier Hagen engasjert.

Han meiner bokmålet på mange måtar er så reinvaska at det ikkje passar inn i den språklege verkelegheita.

– Slik sett har kanskje nynorsken fleire fordelar fordi den var meir basert på dialektane våre frå byrjinga. Det er dei norske dialektane som er språkgullet vårt. Dialektfargane, også dei mest subtile frå Oslo by, trur eg har vore med å redde bokmålet, avsluttar den språkengasjerte skodespelaren.

KJELL ÅSMUND SUNDE/NPK



NRK må spare 300 millionar i 2023

NRK må spare 300 millionar

– Heilt overordna er statsbudsjettet ei stadfesting på at ein sterk offentlig finansiert allmennkringkastar er viktig, og at 2023 med den situasjonen verda står i no, er eit unntak, seier kringkastingssjef **VIBEKE FÜRST HAUGEN**.

I statsbudsjettet får NRK ei stram økonomisk råme, som saman med ein unormalt høg pris- og kostnadsvekst, vil gje tøffe prioriteringar.

– Det har vore utfordrande å spare meir enn 300 millionar på neste års budsjett. Alle reduksjonar blir gjort med tanke på korleis vi best mogleg kan verne om det viktige oppdraget vårt, publikumsbruken og omdømmet.

TILBUDET TIL PUBLIKUM

Rundt halvparten av innsparingane rårar innhaldsproduksjonar. Resten kjem som reduksjon i stab- og støttfunksjonar,

konsulentbruk og finansielle element, som t.d. investeringar. Alle sjangerområder blir råka, men i ulik grad, og på ulike måtar. Det vil gjelde t.d. programinnhald som drama, sport, fakta, kultur og underholdning. Det vil og gjelde innhald NRK kjøper frå eksterne samarbeidspartnarar.

– Nyhendeproduksjonen er i stor grad blitt skjerma, grunna ein krevende verdssituasjon. NRK har og vore opptekne av å sikre balansen mellom produksjon i Oslo og distrikta, for å ta vare på ambisjonen om å vere til stades i heile landet. I tillegg har vi teke omsyn til strategiske satsingar og teknologiområder som NRK har bygd opp over tid, seier Fürst Haugen.

FLEIRE VIRKEMIDDEL

Fleire virkemiddel blir nytta for å kome i mål med innsparingane. Mellom anna vil



NRK måtte utsetje nokre nye innhaldsproduksjonar i 2023, og produsere færre planlagde drama- eller faktaseriar. NRK vil også utsetje publiseringstidspunkt på nokre produksjonar til 2024. I tillegg effektiviserer og reduserer ein omfanget av enkelte produksjonar. NRK har og sett vald av å avslutte noko programinnhald, som t.d. Sportsrevyen.

– Vi har gjort nokre tøffe prioriteringar, men likevel skal NRK levere eit solid innhaldstilbud i 2023, under nye økonomiske forutsetningar. Eg er stolt og takknemleg for alt det gode arbeidet som blir gjort av NRK-folk over heile landet, avsluttar Først Haugen.

NRK KOMMUNIKASJON



LEGG NED SPORTSREVYEN

NRK har bestemt seg for å leggje ned TV-programmet Sportsrevyen etter over 60 år på grunn av strammare økonomi.

– Gjennom 60 år har Sportsrevyen betydd enormt mykje for NRK og for store delar av befolkninga i Noreg, seier sportsredaktør **ESPEN OLSEN LANGFELDT**.

Grunnen er at NRK må kutte i alle divisjonar og innhaldsmiljø som følgje av strammare økonomiske rammer.

Sportsrevyen har vorte send på NRK kvar veke sidan september 1960 og er eit av dei eldste TV-programma på NRK. Den første sendinga gjekk av stabelen 18. september i 1960 og hadde Jarle Høysæter og Oddvar Foss som programleiarar.

Arne Scheie og Karen Marie Ellefsen er blant dei som har leidd Sportsrevyen sidan.

– Vi skal framleis fortelje dei gode historiene, vise fram breidda og vere lidenskapeleg til stades på alle plattformer – på TV, radio og nett, seier Langfeldt. **(NPK)**



Frå venstre: Karoline Riise Kristiansen, språksjef NRK, Jørgen Heid, konstituert direktør i Strategi og medier i NRK, Vibeke Først Haugen, kringkastingsjef i NRK, Jógvan Helge Gardar, Norsk målungdom og Mone Celin Skrede, Kringkastingsringen. Foto: Hildegunn A. Soldal, nettsjef i NRK

Møte med K-sjefen

Det årlege møtet med leiinga i NRK gjekk av stabelen rett før jul. Det var det første møtet med den nye kringkastingsjefen **Vibeke Først Haugen**, og det var litt spanande å sjå om ho tok språkarbeidet like seriøst som den førre NRK-sjefen.

Ingen fåre. For det første tok ho seg tid til å møta oss i ein veldig hektisk periode, med nedskjeringar og innstrammingar i heile organisasjonen. Og det var absolutt ingenting som tydde på at desse nedskjer- ingane skulle råka arbeidsfelta våre. Tvert i mot virka det som om språkarbeidet har blitt løfta enda eit hakk. Språk er priori- tert høgare i den nye strategiplanen, og

me fekk ein presentasjon over eit syste- matisk arbeid med både kvensk, samisk og teiknspråk. Nokon tek Språklova på alvor.

Det var litt urovekkjande å høyra om at nynorskjournalistar igjen vart møtt med hets og ukvemsord. Dette hang til dels saman med at NRK prøver å få meir nynorsk på område der det har vore lite, og det er tydelegvis ikkje alle som set pris på det.

Men med denne leiinga er me heilt sikre på at denne hetsen vil gje seg etterkvart som lesarane, lyttarane og sjåarane blir vande med språkmangfaldet i NRK.



REPRISE

DER INGEN SKULLE TRU AT NOKON KUNNE BU

FØR JUL I 2002 starta ein ny serie på NRK. Oddgeir Bruaset leita opp folk som budde noko grisgrendt til, og snakka med dei om staden og livet generelt. Serien vart ein enorm suksess, og har no kome med 21 sesongar. Både Bruaset, Arve Uglum og fotograf Torje Bjellaas har fått utmerkingar for arbeidet med serien.

MENTITTELEN LYG LITT. Det er nok ein del som tenkjer at det å bu midt i skogen eller ute på den ytse ø som galskap. Likevel er dei aller fleste stadane som serien vitjar stader der ein absolutt kunne tru at ein kunne bu. Kven kan ikkje tenkja seg å bu med så mykje plass, så mykje ro og så mykje fridom? Det er ein grunn til at halve austlandet søker etter småbruk på Finn.no.

EIN ANNANTING er om kor vidt serien handlar om staden eller folka. For det går sjeldan lenge før ein blir meir oppteken av menneska. Mange har litt ekstra i bagasjen, og har teke eit aktivt val. Andre har budd på staden heile livet, og då blir ein fasinert av at dei ikkje kunne tenkja seg å bu ein annan stad. Eller treffa folk med litt jamnare mellomrom.

UANSETT HAR kombinasjonen av “Ut i naturen” og “Helene flytter inn” synt seg å vera ein strålande kombinasjon. Det stoppar neppe med 21 sesongar.

KH

INNKALLING ÅRSMØTE 2023

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Kringkastingsringen.
14. februar kl 18.00 | Skrivarstova, Lilletorget 1, Oslo

SAKSLISTE

- Årsmelding 2022
- Rekneskap 2022
- Budsjett 2023
- Arbeidplan 2023–2024
- Val

Sakspapira vert å finne på heimesida www.kringkastingsringen.no.
Lett servering. Alle hjarteleg velkomne!

Løysing kryssord 2-22

Det er ikkje sikkert alle som hugsar kva dei kom fram til på kryssordet sist, det har jo gått ei stund: Men me skulle altså fram til kva folk trur om TV 2-journalist Øyvind Alsaker.

ALLE TRUR BERGEN MEN HAN ER FRÅ FLORØ

Og mellom dei heldige og dyktige som fann fram til det, og kan gle seg seg over ei lita merksemd, er:

- Agnar Kleppe, Ulvik
- Bjørn Arild Aksnes, Verdal
- Ingrid Gjesdal, Ålgård


Til lukke!




KRYSS-ORD

Send anten heile kryssordet til
Kringkastingsringen, Lilletorget 1, 0184 Oslo
eller løysingssetninga til post@kringkastingsringen.no
og bli med i trekninga av flotte vinstar. Lukke til!
Frist: 15.4. 2023.


EINAR SØREIDE



					PEDANT- ER	BJELKAR	INSEKTA		FJELL- GRUNN	CUP- OG SERIE- MEISTER/ FOTBALL I ÅR		
					PREP.		TID- LAUSE		LIKE	NISOGAR		
									SOLGUD BERGEN- SVAR			
									TAL PREP.			
									FISKE- FETT			
SKOV OM BERGE FLURIE		LINE	NRK SITT "FLAGG- SKOP"	FUGE KONGE- MANN							ÅRETS NYORD I 2013	
NRK P1- PROGR.										MOTE- LØVE		
FELLE TRE		KVINNE LUKTR			FESTNA DØRA TIL KARLENA	BIBELSK FOR- FØRAN			EMBERT KORKEM III	ELVA ELV ELV		
VETTE												BIB.PERS
TRO				METTA LINE		KJENNE	LENGTE		PALEGG REIN- SPINNA		LIKE MINN	
					OSER- VEFER							
PIP												
SÅUS								K	FJELLI TOLVA	BIL- DEL		
RESTE		SMERTE DRONKE		PRØVE TVILSPÅ					MINOGAR KVINNE		MUNNE	
ETTER ECC						FEMTI		BLINK JULEMAT				HÅG- SONG
FLUGL												
HAUSDOR		FØR VY MOT- VILJE										
KRING- PRIS- VINNER		LINE		FLUGL LINE					MINOGAR (BANK)	DAMPE TOMM		
												FEM HUNDRE
KVINNE											PREPO- SISJON	

Namn, adresse og postnummer:

RETUR:
Kringkastingsringen
Lilletorget 1
0184 Oslo



KRING-
KASTINGS-
RINGEN

